



DET KONGELIGE  
KULTURDEPARTEMENT

## Rundskriv

---

til fylkeskommunene

Nr.  
V-16 N/09

Vår ref  
200904226- DA/MNO:amb

Dato  
12.01.2010

### **DESENTRALISERT ORDNING FOR TILSKOTT TIL KULTURBYGG - REVISJON AV RETNINGSLINENE FOR FYLKESKOMMUNANES FORVALTING**

Dei årlege avsetjingane til den desentraliserte tilskottsordninga til kulturbygg blir finansiert av overskott frå statlige spel, heretter nemnt "spelemidlar". Størrelsen på dei samla spelemidlane blir fastsett av generalforsamlinga i Norsk Tipping AS. Ved kongelig resolusjon blir spelemidlane fordelte til ulike formål, blant anna kulturbygg. Spelemidlane til kulturbygg blir kanaliserte gjennom to ordningar:

- Desentralisert ordning for tilskott til kulturbygg, som blir fordelt av departementet til fylkeskommunane.
- Regionale møteplassar og formidlingsarenaer for kultur, som blir forvalta av departementet. Denne ordninga vil bli fasa ut, jf. punktet under om oppfølging av forvaltingsreforma.

Den årlige avsetjinga til den desentraliserte tilskottsordninga til kulturbygg blir tildelt til fylkeskommunane i samsvar med fordelingsnøkkelen omtalt under pkt. 5 Utbetaling i vedlagde retningsliner. Vanlegvis blir summene meddelte til fylkeskommunane i løpet av mai i tildelingsåret. Denne ordninga er forskjellig frå ordninga om tilskott til anlegg for idrett og fysisk aktivitet. Vi presiserer at tilskott til kulturbygg ikkje blir fordelte til fylkeskommunane på bakgrunn av innkomne søknader.

Forvaltninga av tilskottsordninga er delegert til fylkeskommunane. Ut over de premissene som er fastsett i vedlagde retningsliner må fylkeskommunane sjølv definere kva for prosjekt som skal inngå i ordninga, og prioritere kva for prosjekt som skal få støtte innanfor de midlane som fylkeskommunane disponerer. Fylkeskommunane skal fastsette egne retningsliner i samsvar med premissane og føringane i dette brevet med vedlagde retningsliner.

### Endringar i retningslinene for fylkeskommunanes forvaltning

Kulturdepartementet viser til vårt brev til fylkeskommunane datert 2. januar 2007 om denne ordninga. Departementets retningsliner for forvaltninga av desentralisert ordning for tilskott til kulturbygg blir justert på følgjande punkter:

- pkt. 1 Formål: Utearenaer for kulturell verksemd som blir omfatta av formålet. Vidare presiserast det at midlane ikkje kan nyttast til vedlikehald eller drift.
- pkt. 2.1 Utforming: Punkta om universell utforming og arkitektonisk utforming er justert i samsvar med de siste års endringar i plan- og bygningsloven.
- pkt. 2.3 Tilskottsatsar: For søkjarar som har krav på refusjon av meirverdiavgift skal tilskottsdelen på 1/3 bli rekna ut frå prosjektkostnadene etter at meirverdiavgifta er trekt frå.
- pkt. 2.4 Vilkår fastsett av fylkeskommunane: Vilkåret "kostnadsoverslag" blir endra til "prosjektbudsjett, med avsetjingar til kunst, uvisse og reserve".
- pkt. 3 Kunngjering og søknadsfristar: Ordninga og retningslinene skal kunngjerast.
- pkt. 4 Klage: Det skal informerast om at det er Kulturdepartementet som er klageinstans for vedtak treffe av fylkeskommunane i saker om forvaltninga av denne ordninga.
- pkt. 5 Utbetaling: Tilsegn om tilskott kan gjelde i inntil tre år.
- pkt. 6 Rapportering innan 1. april: Krava til rapportering om prosjekta utvidast, og omfattar også innsending av fylkeskommunanes retningsliner. Kulturdepartementet vil i løpet av 2010 komme tilbake med opplegg for elektronisk rapportering om økonomi og prosjekta som har fått tilskott i rapporteringsåret.

### Oppfølging av forvaltingsreforma

Som en del av forvaltingsreforma, jf. St.meld. nr 12 (2006-2007) *Regionale fortrinn – regional framtid*, skal fylkeskommunane frå 2010 få utvida ansvar for forvaltninga av spelemidlar til kulturbygg. Dette inneberer at tilskottsordninga for regionale møteplassar og formidlingsarenaer for kultur blir fasa ut. Departementet vil etter 1. januar 2010 fortsatt ha ansvaret for forvaltning av spelemidlar til byggjeprojekt som har fått tilsegn før 1. januar 2010 om tilskott frå denne ordninga. Etter kvart som midlane som er knytte opp til tilskottsordninga for regionale møteplassar og formidlingsarenaer for kultur blir fristilt frå pågåande prosjekt, vil midlane bli kanaliserte inn i den

desentraliserte ordninga for kulturbygg, slik at fylkeskommunane dermed får det samla forvaltingsansvaret for spelemidlar til kulturbygg.

Det er tidligare gitt tilskott til museumsbygg anten frå ordninga for regionale møteplassar og formidlingsarenaer for kultur, eller frå statsbudsjettet. Frå 2010 skal ikkje departementet gjeve tilskott til nye kulturbygg frå ordninga for regionale møteplassar og formidlingsarenaer for kultur. Departementet vil frå 2010 vurdere søknader om tilskott til blant anna museumsbygg innanfor løyinga på statsbudsjettets kapittel 320, post 73 Nasjonale kulturbygg. Muse som får driftstilskott frå statsbudsjettets kapittel 328 Museums- og andre kulturvernformål, post 70 Det nasjonale museumsnettverket kan søke Kulturdepartementet om byggjetilskott frå denne posten.

Med helsing

Stein Sægrov e.f.  
avdelingsdirektør

Magnar Nordtug  
seniorrådgjevar

Vedlegg:

- 1) Retningslinjer for forvaltning av desentralisert ordning for tilskott til kulturbygg
- 2) Mal til skjema for rapportering om samla inn- og utbetalingar, renter, m.v.